



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 23/2020

Møtedato: 22.6.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

## **S737, Murkelie – støl falt i det fri**

Til garden 69/5 vart det 70-talet vist ut ca. 20 daa til støl ved Murkelie. Det vart på 80-talet gjeve kort frist på å ta stølen i bruk. Det er gjort litt ryddingsarbeid, men arealet er no i ferd med å gro att med bjørk. Det er ikkje ført opp stølshus, utanom ei lita brakke som står rett utanfor stølsutvisinga. Stølen er ikkje teken i bruk som støl jf. reglane i fjellova. Etter fjellova/forskrift fell stølen tilbake til allmenningen dersom stølen ikkje er teken i bruk innan 5 år.

### § 8. Om frist til å ta setra i bruk

*Utvist seter må takast i bruk innan 5 år, jf. § 18 femte ledd i fjellova. Når det er gått 5 år sidan utvisinga blei gjort, skal fjellstyret sjå til at utvist seter er teken i bruk i samsvar med føresetnadene for utvisinga. Om det utviste ikkje er teke i bruk innan 5 år skal fjellstyret ved vedtak ta stilling til om retten er falt bort, og gi melding til Statskog SF. I si melding til Statskog SF må fjellstyret gi sitt syn på om seterbrukaren skal fjerne eventuelle hus eller om utvisinga skal førast over til ein annan eigedom i samsvar med § 20 første ledd, eller § 21 første ledd i fjellova. Fjellstyret skal i slike saker innhente fråsegn frå regional kulturminnestyresmakt. Statskog SF kan påleggje seterbrukaren å fjerne eventuelle hus, om ikkje utvisinga blir ført over til ein annan eigedom i samsvar med § 20 første ledd eller § 21 første ledd i fjellova, og den nye brukaren tek over husa.*

Fjellstyret kan heller ikkje vise ut stølen på nytt utan at det er behov for støl til drift av garden. For å få vist ut støl vil det normalt bli stilt krav om mjølkeproduksjon på stølen.

Eigar av 69/5 er bedt om uttale til saka innan 6.6.20. Fjellstyret har ikkje motteke svar.

Det er eit dårleg brakkelikande bygg utanfor stølsutvisinga som må fjernast. Brakka er ikkje å rekne som eit byggverk som skal sendast fylkeskommunen til uttale ved krav om riving.

### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret finn at stølen ikkje er teken i bruk og er falle i det fri etter fjellova §18 i fjellova. Fjellstyret vedtek å lyse arealet ledig til støl, tilleggsjord eller inngjerda beite. Frist for å fjerne brakke blir sett til 1.10.2020.

### **Vedtak:**

Fjellstyret finn at stølen ikkje er teken i bruk og er falle i det fri etter fjellova §18 i fjellova. Fjellstyret vedtek å lyse arealet ledig til støl, tilleggsjord eller inngjerda beite. Frist for å fjerne brakke blir sett til 1.10.2020.

Vedtaket er samrøystes.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.6.20

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Stølsbrukar  
Statskog  
Vestre Slidre kommune, landbruksavdeling